

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES


---

<b>Dato</b>	30.10.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/78095-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Marita Onarheim Rong
<b>E-post</b>	Marita.Onarheim.Rong@vlfk.no
<b>Telefon</b>	47453825

## Høyring av framlegg til omklassifisering av arm av fv. 571 Kringlevegen i Masfjorden kommune

### Bakgrunn

Det har vore ei vurdering på om arm av fv. 571 Kringlevegen til Solheim burde ha status som fylkesveg. Med bakgrunn i denne vurderinga er det kome fram til at det er grunnlag for å omklassifisere strekninga. Det er difor starta prosess med omklassifisering.



Figur 1: Oversiktskart over kvar ein finn aktuell strekning av fv. 571 Kringlevegen.

### Saksopplysningar

Strekninga som saka omhandlar har vegsystemreferanse fv. 571 K S2D10 m0-1700, og er ein arm av fv. 571 Kringlevegen til Solheim. Strekninga strekk seg frå Krossleitet til område ved Solheim.

Den omtala strekninga ligg ikkje i tettstad etter Statistisk sentralbyrå si kartløyising for tettstader i 2022, og befolkningsgrunnet ved Solheim er på omlag 50 personar.



Figur 2: Strekninga som vi vurderer bør bli kommunal veg er vist med blått.

## Grensedraging mellom kommunale og fylkeskommunale vegar

For å skilje mellom kva som skal vere kommunal og fylkeskommunale veg må ein sjå til gjeldande kriterium. Gjeldande kriterium for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985:

*«a. Storbyer/byer (over 5000 innbyggjarar). Grensen mellom fylkesvegar og kommunale vegar vert trekt mellom samleveggar og adkomstvegar slik disse er definert i vegnormalene*

*b. Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar). Fylkesvegar i tettstader opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning*

*c. Spreidtbygde - / grisgrendte områder. Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.*

*For storbyar og byar siktes det her til de områder som vert avgrensa til tettbygd område. Andre deler av vegnettet i disse områda vert vurdert som i spreidtbygde område.»*

I tidlegare utgåve av handbok N100 kap. A.4 er samleveggar og tilkomstvegar definert slik:

*«Samleveggar er forbindelsesvegar mellom for eksempel boligområder eller bydeler, og bindeledd mellom atkomstvegar og øvrige hovedvegar. Disse vegene har en oppsamlings - og fordelingsfunksjon. Atkomstvegar gir atkomst til boligområder, fritidsaktiviteter, industriområder eller lignende.»*

## Forslag til omklassifisering

### Vurdering

Fv. 571 Kringlevegen ligg ikkje i tettstad etter Statistisk sentralbyrå si kartløyising for tettstader i 2022, og fylkesvegen skal difor bli vurdert etter punkt c i gjeldande kriterium. Dette inneber at fylkesvegen skal ha eit befolkningsunderlag på minst 50 personar, og bli ført fram til kontakt med flyplass, kai, jernbanestasjon eller rutebilterminal av regional betydning.

Strekninga som saka omhandlar har eit befolkningsunderlag på omlag 50 personar, men blir ikkje ført fram til kontakt med flyplass, kai, jernbanestasjon eller rutebilterminal av regional betydning. Det er difor vurdert at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde klassifiseringa av armen av fv. 571 Kringlevegen som fylkesveg. Vi har difor kome fram til at strekninga bør bli omklassifisert til kommunal veg.

### Framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i vurderingane ovanfor vil vi rå til at følgjande vegstrekning vert omklassifisert:

<i>Strekning</i>	<i>Ny klassifisering/funksjon</i>	<i>Heimel og andre forhold</i>
FV 571 K S2D10 m0-1700	Kommunal veg	Med bakgrunn i tilhøva vil vi rå til at det blir fatta vedtak etter veglova § 7 om at vegstrekninga blir omklassifisert til kommunal veg.

### Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang ved omklassifisering av offentleg veg følgjer av veglova § 7:

*§ 7. Etter at fylkeskommunen – i Oslo kommunen – har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.*

*Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.*

*Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.*

*Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.*

Etter at Masfjorden kommune har uttalt seg kan Vestland fylkeskommune fatte endeleg vedtak om omklassifisering av fylkesveg. I dei tilfelle strekning skal omklassifiserast til kommunal veg vil vedtaket berre vere gjeldande frå vedtaksdato dersom dei tekniske krava i NA-rundskriv 97/13 er tilfredsstillt.

### Høyringsfrist

Siste frist for å kome med ei tilbakemelding på framlegget til ny klassifisering er sett til den 15.12.2023.

Med helsing

**Mats Korneliussen**

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

**Marita Onarheim Rong**

ingeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*